

# Assessio på kollisjonskurs med forskningsetikken

TEKST

Frode Thuen  
Knut Dalen

PUBLISERT 1. februar 2006

---

For førti år sidan publiserte Beecher (1966) ein artikkel som skulle føre til eit paradigmeskifte i forskningsetikken. I denne artikkelen føreslo han at alle kliniske forskingsprosjekt skulle igjennom ei forskningsetisk vurdering før det vart starta opp. Den forskningsetiske vurderinga skulle gjerast av ein frittstående etisk komité, som ikkje hadde nokon bindingar til prosjektet. Dette førte til at det vart oppretta forskningsetiske komitear rundt omkring i verda, etter litt ulike modellar. Eitt krav som alltid gjekk att, var at komitémedlemmene ikkje skulle vere knytte til prosjekta som dei skulle vurdere. I vårt land vart dette sett i system frå 1985, då det vart oppretta regionale forskningsetiske komitear i dei fem helseregionane. I starten vurderte dei norske komiteane berre medisinske prosjekt, men utover på 1990-talet auka talet på psykologiprojekt som vart sendt til vurdering. Frå 1999 har det vore medlemmer med kompetanse innanfor psykologi i alle komiteane. Oppsummert kan ein seie at komiteane har mandat til å vurdere all forskning som gjeld fysisk eller psykisk helse. Det har aldri vore noko lovpålagt krav at forskingsprosjekt skal igjennom etisk førehandsvurdering. På same måten som i profesjons- eller fagetikken har ønsket om å sikre den etiske standarden komme frå miljøet sjølv. Ein ser t.d. at fleire og fleire vitenskaplege tidsskrift krev at ein dokumenterer at prosjektet har vore igjennom etisk klarering før det vart sett i gang. Dersom ein ikkje kan dokumentere dette, får ein heller ikkje publisert resultat.

## Økonomiske interesser

Eit anna forskningsetisk krav som kom i løpet av 1990-talet, var at forskarane skulle dokumentere kva tilknytning dei har til instansar som kan ha økonomiske interesser i prosjektet. Ved mange høve såg ein at t.d. legemiddelindustrien ikkje berre var med på å finansiere ein del av forskinga, men det var også mykje som tyda på at dei både kunne ha mykje å seie for design og for problemstillingar i dei ulike studia, og at dei gav sterke føringar for korleis resultat vart publisert. Ved mange høve såg ein at forskinga hadde vorte gjennomført på produsentane sine premissar, og at det var langt ifrå fri forskning det som ein fekk presentert. Såleis vart ikkje forskinga truverdig, og ein måtte skjerpe dei etiske krava for å sikre tilliten til forskinga. I dag er det standard at ein må gjere greie for økonomiske tilhøve når ein søker om etisk førehandsvurdering av prosjekt. Fleire og fleire tidsskrift krev også at ein gjer eksplisitt greie for eventuelle

interessekonflikter i forskingsarbeidet som ein presenterer. Dette er også eit av spørsmåla som ein må gjere greie for når ein søker om førehandsvurdering i regionale forskningsetiske komitear.

Internasjonalt står Helsinkideklarasjonen (World Medical Association, 2000) svært sentralt som det forskningsetiske rammeverket som ein brukar når ein skal vurdere dei etiske sidene ved prosjekt som gjeld fysisk og mental helse. I den siste revideringa av Helsinkideklarasjonen vart det lagt vekt på at ein ikkje berre skulle forske på nye metodar, men at ein også skulle drive kritisk forskning på etablerte metodar. I siste del av punkt 6 i deklarasjonen står det: «Selv de best dokumenterte forebyggende, diagnostiske og terapeutiske metoder må kontinuerlig etterprøves gjennom forskning med hensyn til virkning, effektivitet, tilgjengelighet og kvalitet.» Såleis vil ein sikre at ein ikkje godtek dei etablerte sanningane ein gong for alle, men at ein også stiller seg kritisk til desse.

### **På kollisjonskurs**

Tre viktige problemstillingar i forskningsetikken har såleis vore: utviklinga av ubundne komitear, prosedyrar for å unngå uheldig styring frå instansar med økonomiske eller andre interesser i forskinga, og til sist kravet om at ein også skal sjå med eit kritisk blikk på metodar som er etablerte og godt innarbeidde. Når ein går inn på Assessio sine websider (Assessio, 2005) blir ein mildt sagt forundra når ein ser kva som vert skrive om å bruke psykologiske testar i forskning. I Punkt 5 «Søknad om bruk av tester til forskning», skriv Assessio følgjande:

«Søknad om å benytte tester fra Assessio til forskningsformål må gjøres skriftlig. Søknader blir behandlet innen en måned etter ankomstdato til Assessio. Søknader skal inneholde:

- Kortfattet beskrivelse av det forskningsprosjektet som testen(e) skal benyttes i
- Hvilke(n) test(er) det gjelder
- Ev. endringer på testens format/innhold skal beskrives og begrunnes
- I hvilken tidsperiode – startdato og sluttdato, prosjektet skal benytte testen
- Fullstendig faktureringsadresse samt navn, adresse og telefonnummer til ansvarlig prosjektleder»

Så lenge Assessio stiller desse krava til oss som forskarar, meiner eg at det vert vanskeleg å bruke Assessio sine produkt i forskning. Når det vert stilt krav om ei førehandsgodkjenning frå ein instans med økonomiske interesser i forskinga, bryt dette klart med det forskningsetiske kravet om ei ubunden vurdering. Med ei slik styring av forskinga vil vi såleis ikkje kunne gå god for at forskinga er i samsvar med dei internasjonale forskningsetiske krava slik dei t.d. er definert i Helsinkideklarasjonen. Prosjektet vert langt mindre truverdig når leverandøren av utstyret har ein så sterk finger med i utforminga av forskinga. Dette vil gjere at vi kan få vanskar med å publisere resultatane våre i nasjonale eller internasjonale tidsskrift, dersom vi har latt instansar med økonomiske interesser få styre så mykje av forskingsprosessen som det Assessio

legg opp til. Som forskarar har vi også ei plikt, ifølgje Helsinkideklarasjonen, til å setje etablerte metodar under eit kritisk lys, noko som blir nokså illusorisk dersom leverandøren av utstyret skal godkjenne prosjekta på førehand. I Assessio sine krav prøver ein å setje forskningsetikken minst førti år tilbake i tid, og er på ein svært uheldig kollisjonskurs som heller ikkje Assessio vil vere tent med.

*Teksten sto på trykk første gang i Tidsskrift for Norsk psykologforening, Vol 43, nummer 2, 2006, side*

**TEKST**

**Frode Thuen**, Senter for kunnskapsbasert praksis, Høgskolen i Bergen

**Knut Dalen**, professor, dr.philos